



**VOSS**kommune

Byggesak

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Referanse  
17/01165-24

Dato  
12.04.2018

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

## **Møtereferat frå møte den 10.04.2018, angåande utsmykking av vegg på gamledelen av Voss Gymnas, gbnr 47/129**

Tilstades frå tiltakshavar:

Gunnar Hemre Ringheim, prosjektleiar HFK  
Petra Rahm, Kunstkonsulent HFK  
Merete Hauge eigars representant HFK  
Hilde Hauan, designar/kunstnar

Voss kommune:

Silje S. Solstad, kulturavdelinga  
Elisabeth Lillegraven, planavdelinga  
Jonny Rokne, byggesakhandsamar

Bakgrunnen for møtet var ein førespurnad om etablering av kunstverk, som skal pryda nordaustveggen på gamledelen av Voss Gymnas. Det er stilt spørsmål til om tiltaket er søknadspliktig. Voss kommune har konkludert med at endringar på vegg er søknadspliktig jamfør pbl § 20-1, bokstav c, viser og til skriv datert 16.03.18 sak 17/01165-18.

Under møtet la representantar frå tiltakshavar fram illustrasjonar av kunstverket samt ei grunngjeving av planane og intensjonen med kunstverket. Kunsten skal setjast på utvendig fasade utan at det er naudsynt med større inngrep, sett bort frå innfatning og elektriske leidningar samt noko slemming slik at kunstverket får ein gjenn overgang med veggjen. Kunsten si hovudoppgåve er å framheva den omtalte «baksida» av bygget. Bruk av ljós med ulik farge er med på å skapa stemning, etter behov og årstid.

Voss kommune er opptatt av kva påverknad dette kunstverket har på bygningen i seg sjølv og i tillegg på omgjevnaden rundt. Det gjeld både fjern- og nærverknad. Voss gymnas ligg som eit viktig landemerke på Skulehaugen midt i sentrum. Skulehaugen har fått ein endå meir framtredande posisjon i landskapet etter ombygging og rydding av vegetasjon. Det er viktig å vurdere heilskapen i dette området.

Det er ikkje lagt inn føringar i reguleringsplanen for å gjere endringar på dei eksisterande fasadane på gamlebygningen på Voss gymnas. Det er lagt klare føringar på at gamlebygningen skal bevarast som eit kulturminne. Voss kommune syner til-reguleringsføresegne i planid 09010, detaljreguleringsplan for Skulehaugen, pkt. 2.4.1

### **2.4 Bygg, kulturminner, mm. som skal bevarast**

- 2.4.1 Eksisterande bygning som skal bevarast skal haldast i stand og byggearbeid skal utførast slik at bygningen sin målestokk, takform, fasade, vindusdeling, dør- og vindusutforming og materialval vert oppretthald eller tilbakeført. I prosjektfasen vil bygget bli opprusta, og fasadar (vindauge) vil verte tilbakeført til opphavleg stil.





Voss kommune er i tvil om eit so framtredande nytt element på fasaden kan godkjennast innanfor føringane og intensjonen som ligg føre i reguleringsplanen. Voss kommune arbeidar og no med ei kulturhistorisk analyse (DIVE analyse) av heile sentrum som ytterlegare vil gi oss føringar på våre kulturminner. Fasaden som vert omtala som baksida av gymnaset er i dag ikkje noko bakside. Etter omlegging av vegen vert den meir ei framside, og det fyrste elementet mange møter på veg til Skulehaugen.

Ei utsmykking av fasaden med kunstverk som er skissert tolkar Voss kommune til ikkje å vere i tråd med reguleringsføresegnene. Om HFK ynskjer å søkja om etablering av kustverket på fasaden, må det søkjast dispensasjon frå pkt. 2.4.1.

Under møtet vart det nemnt at dei skarpaste fargane var mest meint for å vise potensialet til val av ulike fargar til kunstverket. Ved ein eventuell dispensasjonsøknad rår me til at det vert lagt ved oppdaterte illustrasjoner av kunstverket.

Med helsing  
Voss kommune  
Bygesak

Jonny Rokne

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Kopi til:  
Hordaland fylkeskommune , Gunnar Hemre Ringheim

Mottakar:  
Hordaland Fylkeskommune Kultur- og idrettsavdelinga